Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2014

# J U L I - R U T I N A

1. Direktiv om arbeidet med Klassekampen i sommar
2. Direktiv om arbeidet med Landsmøtet i Kvinnefronten
3. Direktiv om innbetaling av kontingent for 2. kvartal
4. Neste årsplan
5. Om Distriktsårsmøter
6. Om godkjenning av grunnorganisasjonar

Oslo 27/6 1975 Organisasjonsutvalet

NB Organisator'n er utsatt til augustrutina for å få med stoff til årsplanen.

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2014

DIREKTIV OM ARBEIDET MED KLASSEKAMPEN I SOMMAR

1. 1000 abbonnentar før valet

Det er vedteke å sette i sving ei mindre kampanje for å auke talet på kk-abbonnentar i samband med valkampen. Kampanja er ein lekk i arbeidet med å få KK ut to gonger i veka. Vi meiner det er rett og naudsynt å utnytte denne tida då vi driv mykje utadretta arbeid til planmessig å verve abbonnentar til KK - bruk sommarleirane, bruk Raud Valallianse.

Målsettinga på 1000 er ikkje høg, men ho er høg nok til at ho krev særskild organisering for å gå i mål. Forslag til lokalmål:

DIREKTIV: - DSAU skal drøfte vårt forlsag til lokal målsetting og legge ein plan for å gjennomføre kampanja i distriktet.

2. Laussalet av Klassekampen

KK kjem ut i heile sommar, med firesidersutgåver i fellesferien. Laussalet skal haldast oppe, og kan og bør drivast også gjennom Raud Valallianse. Både vi og massane treng KK også om sommaren - i fjor sommar kom Kypros og Hydrostreiken midt i "KK-ferien".

DIREKTIV: - Avdelinger med "fellesferie" skal sikre organisatorisk at KK-salet startar opp att streks etter ferien.
- Alle andre avdelinger skal halde oppe normalt KK-sal heile sommaren igjennom.
- DSAU må drøfte korlei dette skal sikrast i distriktet.

DIREKTIV OM ARBEIDET MED LANDSMØTET I KVINNEFRONTEN

Vi viser til Kvinnebulletinen som er lagt ved.

DIREKTIV: - DSAU er ansvarleg for sikkerheten på dokumenta og må alltid vita kvar dei ulike eksemplara er.
- DSAU skal diskutere denne Kvinnebulletingen og legge plan for fraksjonsarbeidet i distriktet. Diskusjonen må førast snarast råd er, og seinast <u>20/8</u>. Vi minner om at DS har <u>plikt</u> til å rapportere usemje.
- Rapportfrist <u>1/10</u> på stoda i arbeidet. Innhald:
  - Mots. på pol.beretning og plattform (i partiet og i KF)
  - Mots. på vedtektene ( -"- ) -"-
  - Korleis ter SV seg i Landsmøteførebuingane.
- DSAU må syte for at "opprøret" i KF på vietnamflyktingane blir møtt - å la desse mots. råtne vil undergrave plattformdiskusjonane om ma imperialismen.

DIREKTIV OM INNBETALING AV KONTINGENT FOR 2.KVARTAL

DS/avd.styret er <u>sjøl</u> ansvarleg for å få snedt kontingenten med kurer snarast råd er. (Forfall er 1.juli.)

Nettpublisering ved Forvaltningsorgan for AKPs partihistorie (www.akp.no) 2014

NESTE ÅRSPLAN

Materiale til neste årsplan vil bli sendt ut i august-rutina.

For deira distrikt vil utkjøret av planen gå slik:

Konferanse over to dagar i Oslo . DS-formann skal møte, om han har ferie møter fungerande formann (altså berre ein person).

OU vil innleie på møte i Distriktsstyret (begge dagar). Stadfest at tidspunktet er ok og gje oss oppmøteplass o.l. XXXX straks.

Formannsmøte i . Formann eller fungerande formann skal møte. Nærare innkalling i august-rutina.

OM DISTRIKTSÅRSMØTER

Vedtektene Andre kapittel, punkt 6 slår fast at: "Innkalling av distriktsmøte skal godkjennast av Sentralkomiteen."
Vi vil innskjerpe dette, og vi krev at OU skal ha godkjend innkallinga før Årsmøte blir varsla i distriktsorganisasjonen.

OM GODKJENNING AV GRUNNORGANISASJONAR

Kontrollkomiteen godkjenner grunnorganisasjonar etter innstilling frå DS og OU.
DS er sjølv ansvarleg for at grunnorganisasjonar i distriktet er lovleg godkjend. Når avdelinger blir oppretta, nedlagd eller omroganisert må DS strak gje ny innstilling til Kontrollkomiteen (gjennom OU).
Innstillinga skal grunngjevast etter Vedtektene, femte kapittel, pkt.11.

Skriv til godkjende grunnorganisasjonar går ut med kurer så snart vi har slik.